

Rettleiing til revisor sin særattestasjon

Gjeld driftstilskot til familie- og likestillingspolitiske organisasjonar, statsbudsjettets kap. 871, post 70

(Jf. Rundskriv 3/19 frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir))

OBS!

Organisasjonane må sende denne rettleiinga til sin revisor.

Det er viktig å merke seg to ting:

- 1) Revisor skal nytte særattestasjonen som ligg ved. Særattestasjonar som ikkje har med nok informasjon vil ikkje bli godkjende.
- 2) Revisor skal kontrollere organisasjonen sitt system og rutiner for å registrere medlemmer, og ved det bidra til å etablere system som gjev rette grunnlagsopplysningar i søknaden.

Gjennomgang av punkt i særattestasjonen

Stadfesting av tala i søknaden frå organisasjonen:

Denne lina er sett inn i særattestasjonen for å sikre at organisasjonen ikkje gjev ulike tal til revisor og tilskotsforvaltar. Revisor skal difor fylle inn dei tala som organisasjonen har ført opp i søknaden sin, anten tala vert endra etter revisor sin gjennomgang eller ikkje. Om revisor finn avvik som gjer at tala i søknaden må gjerast om, skal han greie ut om avvika som fritekst under punkt 1.6 i særattestasjonen.

”1.1 Korleis krev organisasjonen inn kontingenten?”

Når ein organisasjon har sentral innkrevjing, og i tillegg nokre lokale vervingar der pengane sendast til sentralleiinga, skal revisor krysse av for ”Berre sentral innkrevjing”.

”1.2 Har organisasjonen eit sentralt medlemsregister?”

Manuelle medlemslister frå lokal kontingentinnkrevjing skal liggje i organisasjonens sentralleiing. Manuelle lister med fleire namn på kan nummererast og registrerast i det sentrale medlemsregisteret med total sum teljande medlemmer på kvar liste. Den manuelle lista gjer da teneste som ein del av medlemsregisteret.

”1.3 Har organisasjonen liste over alle teljande medlemmer?”

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) skal ha høve til å kontrollere at alle som er førde opp som teljande medlemmer verkeleg er betalande medlemmer. Organisasjonen må ha ei særskild oversikt over medlemmer som skal reknast som teljande i det gjeldande tilskotsåret. Denne oversikta kan vere ei utskrift frå medlemsregisteret, eller ei manuelt ført liste. I organisasjonar som har lokal kontingentinnkrevjing, kan det vere ei liste over teljande medlemmer i dei einskilde lokallaga (sjå punkt 1.2).

”1.4 Har organisasjonen dokumentasjon for innbetaling av medlemspengar frå kvart einskild medlem som er ført opp som teljande medlem i medlemsregisteret?”

Svar ja på spørsmålet om det finst sentral eller lokal dokumentasjon, eller ein kombinasjon av begge. Dokumentasjon kan vere giroar, OCR-lister, kvitteringar, liste over kontant betalte kontingentar o.l. Revisor skal byggje sitt svar på ein stikkprøvekontroll, greie ut om kontrollen og føre opp resultatet på siste side i særattestasjonen.

”1.5 Har sentralleiinga i organisasjonen dokumentasjon for innbetalte medlemspengar frå kvart teljande medlem?”

I følge rundskrivet skal det ved lokal kontingentinnkrevjing forast eigne medlemslister. Desse skal liggje i sentralleiinga. Revisor skal, ved hjelp av stikkprøvekontroll, eller ved så spørje leiinga i organisasjonens, finne ut om listene fysisk ligg hos sentralleiinga.

”1.6 Inneheld medlemslistene namn, adresse og kor mykje som er betalt i kontigent?”

Medlemslistene skal inneholde namn, adresse og kor mykje som er betalt i medlemskontigent for alle teljande medlemmer.

Revisor bør ta stikkprøvekontroll for å finne ut om eventuelle lokallag har standardiserte medlemslister eller berre ad hoc lister, og for å få ei kjensle av kva slags medlemslister lokallaga sender inn. Revisor bør eventuelt gje forslag til forbetringar.

Det viktigaste med denne særattestasjonen er at revisor gjev eit korrekt bilete av korleis tilhøva er i den aktuelle organisasjonen. Etter det kan Bufdir, og eventuelt revisor, gå i dialog med organisasjonen, og syte for at dei rettar eventuelle feil og manglar.

Bufdir oppmodar revisorar om å ta direkte kontakt med Bufdir om spørsmål som gjeld særattestasjonen og/eller forståinga av denne.

Telefon 46 61 50 00 E-post: tilskudd@bufdir.no

